

Grano er 22 meter og 15 centimeter

28.12.2012



Musikklaget hadde den tradisjonelle konserten

No kan alle tips innstillast for ei stund: Grano i Uskedalen målar 22 meter og 15 centimeter. Det kunngjorde Bjørgulv Eik etter musikklagets tradisjonelle konsert ved innleiinga til juletrefesten på Vonheim i kveld.

Uskedelingen Leif Olav

Sunde som bur i Bergen vann tippetevlinga med berre 2 centimeter feilmargin - han trudde vårt spesielle monument var 22,17. Sunde vann ei velfylt korg med julemat som SPAR spanderte.

På andre plassen kom Lena Iren Musland med 22,20 og nummer 3 vart Anette Sannes med 22,03



Oddbjørg Heimark hadde tala

Det var teknisk i kommunen som målte grana, som for 10

år sidan. Sidan den gongen har ho lagt på seg 61 centimeter. 103 hadde lagt tipslappar i korga på SPAR og mange hadde vore vel optimistiske med tanke på høgda. Det kom tips så seint som i dag. Sjølv om grana har lagt på seg noko sidan sist har ho vakse seinare etterkvar. Men ho står framleis godt, understreka Eik. Tippetevlinga var eit ekstra høgdepunkt under denne Vonheim-festen. Festleiar Britt Torill M. Mathiesen minnte om at også det juletreet som festlyden gjekk rundt var spesielt - kvart einaste år. Det er innom både skulen og bedehuset før det gjer teneste på Vonheim,

Men i gamle dagar
var det eit enda meir utprega vandretre - då gjekk det ned att til
festen på Helgheim som ikkje eksisterar lengre og var innom bedehuset
att til slutt, får uskedalen.no opplyst av eldre folk som hugsar det.

Festen på Vonheim hadde det tradisjonelle opplegget. Det heftige veret hadde truleg skremt nokon ettersom det var 53 frammøtte, men dei som var der hadde det triveleg. Sunniva Myklebust las juleevangeliet og Oddbjørg Heimark talte om Guds store redningsaksjon før første runde med juletregang og matøkt. Seinare kom nissen!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Julegrana gjorde teneste på fest nummer 3



Sunniva Myklebust las juleevangeliet